



Tre salsivrige elevar i pepparkakeavdelinga på Helgheim: Victoria A. Eik, Bente Halvorsen og Susanne L. Eik. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Arrangøren av julemarknad med grantenning i Uskedalen kom dei svært ublide vergudane i forkjøpet. Ajtivitetshusets Damevenner kan difor notere suksess for eit arrangement som gjekk føre seg både inne og ute.



Stian Sebastian Enæs Fjeldsbø (9) og Ida Emilie Kaldestad (8) selde småkaker som dei hadde baka sjølv. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Damevennene tok dei dystre vervarsla torsdag på ålvor og bestemte allereie då at messa skulle gå føre seg innandørs – i motsetnad til i fjor.

Og det er ikkje noko problem å kombinera det med grantenninga, så lenge 'Torget' er omkransa av rom som kan nyttast til salg og servering.

I Helgheim-salen var det messe prega av stor kreativitet og serveringa gjekk føre seg i kjellaren.

I gamleskulen hadde messa ein forlenga arm og i kjellaren på Rabben vart det lokka med eventyrstund.

Det finst enda fleire eigna lokal i nærleiken og kombinasjonen inne/ute var så vellukka at den bør fylgjast opp.

Vergudane hadde rett nok stort sett roa seg då musikkлага stemte i med 'Det lyser i stille grender'. Men det hadde likevel vore håplaust å halda messa utandørs, slik den var for eit år sidan, då den vart arrangert for første gong.

Apropos musikkлага: Det var eit 'fall framåt' for kulturlivet i bygda at skulemusikken og musikklaget stilte opp saman – under taktstokken til Magnhild Haugland. 12 av dei karane som no er i gong att hadde eit lovande 'come back' ved grana og vi ser fram mot den første skikkelege felleskonserten med dei unge. Ikkje minst det det kjekt å sjå brørne Ståle og Audun Eik side om side med instrumenta sine att.

I julemessa var det ikkje minst det Uskedalen Oppvekstsenter som imponerte, og det var ikkje det minste rart at rektor Vidar Haugland var stolt der han satt. Dei siste to vekene har det vore arbeid intenst med 'juleartiklar' og inntekta av salet gjekk naturleg nok til uteområdet, som skal fullførast om få veker.

I gamleskulen kunne ein kjøpa alt frå nyrøykt pinnekjøtt frå Friheim Gardsmat via potetekakar frå Haugland til småkakar i juleinnpakning laga av Stian Sebastian Enæs Fjeldsbø (9) og Ida Emilie Kaldestad (8).

Av Ola Matti Mathisen



Unge og gamle spelar saman att i Uskedalen: Audun og Ståle Eik – og Birgitte Hjelmeland. (Foto: Ola Matti Mathisen).